

Årsmelding 2019 Birtedalen sti- og løypelag



I tillegg til årsmøte har vi hatt 2 styremøte.

Saker har vore:

- Høyringsuttale reguleringsplan Solliåsen nord
- Birtevatn rundt
- Planlegge årsmøte
- Teikning av ansvarsforsikring i Gjensidige
- Høyringsuttale reguleringsplan Nedre Griddalen/Sundodden
- Løypebrev – det blei ei forenkla utgåve
- Skal vi arrangere sommarturar med kjentmenn? Lage fleire sommarruter? OG kan vi på heimesida lage kart som viser desse turane?
- Svar på uttale vi gav til Nye Gjøv kraftverk i Tverråna
- Nytt tilbud frå Skisporet.no

Arrangement:

- Kom deg ut dagen 3.feb på Kvipt, samarbeid med Fyresdal Turlag, Fyresdal Røde kors og Aust-Agder Turistforening – ca 70 frammmøtte.
- Barneskirenn i påska 20.april – Sverre Valvik ansvarleg. 62 barn som starta.
- Basar 3.august – Aase Tovslid ansvarleg. Veldig bra oppmøte!
- Fiskekonkurransen og dans på brua 24.august – Rune Breivik ansvarleg. 35 deltok på fiskekonkurransen, 10 barn, 25 vaksne. Søkt og innvilga kr 3000,- frå Birtedalen fiskarlag til gevinstar. Det var og 35 som stilte opp på dansen om kvelden.
- Dugnad 16, november, rydde ny løypetrase ved Birte mot ny bru – 3 personar i 5 timar – 15 timar

Arbeid gjennom året:

Det har vore eit rolegare år ute i terrenget – meir kontorarbeid.

Birtevatn rundt sumar og vinter – søknad og innvilging av kr 30 000,- frå Fyresdal kommune, næringsfondet. Søknad og innvilging av kr 40 000,- frå omstilling Fyresdal, for kjøp av konsulenttenester for gjennomføring av forprosjekt til planlegging og gjennomføring av Birtevatn rundt sumar og vinter.

Faun AS og AT Skog blei engasjert. Det er laga kart og prosjektsøknad. Det er inngått avtale med grunneigarane som blir berørt av den nye traseen, samt Aust-Agder Turistforening. Det er søkt om midlar til prosjektet frå Sparebankstiftelsen.

Saman med Aust-Agder Turistforening er det søkt om spelemidlar til ny bru over bekken ved innosen lengst sør i Birtevatn.

Sesongen i skiløypa varte til stikkeplukking 20.april! 14.november blei skiløypa køyrd opp for fyrste gong for ny sesong.

Løypa blir køyrd opp av 4 lag. Løypa blir helst køyrd opp fredag. Vinterferie og påska blir den køyrd opp ved behov og i vekene. Det hender elles og ved stort snofall og fint veir at løypene blir tomle opp midt i veka. Løypa blir mykje bruka.

Det blei på hausten lagt ned lemmar over vadet ved Midttjønn og ved Osen.

I desember blei det lagt ned klopp ved Åstjønn.

Dette var dugnad med 2 personar og 5 timar, totalt 10 timar.

27.desember var det 9 personar og 7 skuterar på dugnad 5 timar, totalt 45 timar.

Det er då lagt ned tilsaman 70 registrerte dugnadstimar i 2019 + alle arrangementa + styrearbeid. Løypeansvarleg har lagt ned mange dugnadstimar i samband med møter og søknadsskriving Birtevatn rundt.

Private har og lagt ned arbeid i løypene utanom dugnadane.

Facebooksida Birtedalen sti og løypelag hadde 1 631 likarar pr 31.12.18 - pr 02.02.20 har vi 1 815 likarar. Heimesida har det vore dårleg med oppdatering på gjennom året.

Grasrotmottakar, Norsk tipping. Pr 31.12.18 hadde vi 64 giverar og 31.12.19 var det 91.

- Søknad om årleg støtte til løypekøyering frå kommunen
- Søknad om momskompensasjon